

Til

Grunneigarar, naboar og aktuelle offentlege og private instansar

DERES REF: 199302 | VÅR REF: 10203195
DOKUMENTKODE: 10203195-PLAN-PBL-001
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 23. februar 2018

VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED MINDRE REGULERINGSENDRING I FITJAR KOMMUNE

Detaljregulering for Tranøy Aust gnr. 38, bnr. 2 og 7, PlanID 199302

I samsvar av plan- og bygningsloven § 12-8 og 12-14 vert det med dette varsla om mindre endring av gjeldande detaljregulering for Tranøy Aust i Fitjar kommune. Forslagsstillar er Atle Tranøy på vegne av Tranøyneset vel, og planfagleg konsulent er Multiconsult Norge AS avd. Stord. Det vart halde oppstartsmøte med Fitjar kommune 02.11.17.

Føremål

Gjeldande plan opnar ikkje for kloakkavløp innanfor planområdet. Tiltakshavar ynskjer via planendringa å opne for at det kan etablerast vassklosett og dermed utslepp av spillvatn. Det ligg i dag ca. 14 sjøleidningar for gråvatn innanfor planområdet. Forslagsstillar ynskjer også at planendringa skal gjera det mogleg for hytteeigarane å etablere enkeltutslepp for avløpsvatn der tilhøve på staden gjer det vanskeleg å få til fellesløysningar.

Mindre reguleringsendringa inneber dermed ei endring i føresegna i gjeldande plan. I tillegg skal ein utarbeida ei planskildring der den nye VA-løysinga vert vurdert med omsyn til talet på bustader/fritidsbustader, forureining, landskap, naturmangfald, kulturminne, kommunale VA-normer, forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg og økonomiske konsekvensar for kommunen. Det vert også utarbeida ein overordna VA-plan for området. Denne endringa inneber ingen endring eller oppdatering av gjeldande plankart.

Saksgang


Grunneigarar, naboar og aktuelle offentlege og private instansar vert varsla med brev om oppstart av arbeidet med mindre reguleringsendring. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i Sunnhordland, og på nettsidene til Fitjar kommune og Multiconsult. Innkomne innspel/merknadar vert deretter vurdert i høve til vidare saksgong. Planskildring med VA-plan og endra føresegn vert deretter fremja for politisk handsaming og godkjenning. Vanleg klagefrist på vedtaket er 3 veker, jf. forvaltningsloven §29.

Eventuelle merknadar og innspel til mindre reguleringsendringa skal merkast med «Att: Øyvind Skaar» og sendast skriftleg innan 13.april.2018 til: Multiconsult Norge AS, Kunnskapshuset, Sæ 132, 5417 Stord, eller e-post: oyvind.skaar@multiconsult.no

Informasjon om planarbeidet er tilgjengeleg på www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer.

Med venleg helsing

Multiconsult Norge



Arealplanleggjar Øyvind Skaar